

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 LINDÅS

Våge, 23.01.2022

Alver kommune /landbrukssjef Laila Bjørge

Tilbakeføring av ulovleg borttatt veg-masse frå gbnr 99/1, nærare presisering

Eg viser til mitt brev av 16.01.2022, som omhandla at 99/4 no har rettsleg pålegg om å tilbakeføre ulovleg borttatt vegmasse frå 99/1.

Alf Eikevik er no pålagt å tilbakeføre, slik at veg-høgda påny vert i tråd med 99/4 sin godkjende søknad om landbruksveg, nettopp slik 99/1 hadde anlagt.

Vi har av firma Veseth AS Survey & Inspection fått oppmålt differansen mellom godkjent søknad og det nivået Eikevik har ulovleg kontruert, for dei første 61 m av traseen. Dette sidan dei første 61 m både er, og i framtida skal vera, 99/1 sin eigedom etter tinglyst vegavtale. Dei siste 25 m fram til grensa skal Eikevik no bygge *både* i tråd med landbruksvegsøknaden + tillegg etter dom i jordskifteretten av 11.12.2021 slik: Han skal no bygge slik at 99/1 har muleg traktor-tilgang til vegen på baa sidene (som vart vekke p.g.a. altfor omfattande utskyting). Det betyr at masse også må tilbakeførast til denne delen av vegen, både for å nå opp i den høgde vegen skal ha etter landbruksvegsøknaden, og for å avbøta skadeverket etter den altfor vide og djupe utskytinga på vår eigedom.

Ved å bruke tala frå Veseth si oppmåling for dei første 61 m, anslår vi denne mengden å ha vore  $\approx 200 \text{ m}^3$  ferdig vegmasse, som no skal bringast tilbake.

Det borttatte kvantumet Alf Eikevik må tilbakeføre dei siste 25 m, for å klare å oppfylle både krava i vegsøknaden + tilleggskrav etter dommen i jordskifteretten (avbøtande tiltak for skade), har vi ikkje tala på. Denne delen av vegen er det 99/4 sitt ansvar å byggje etter den tinglyste avtalen mellom dei to bruka.

Når det gjeld *kvar* den bortførte massen er plassert på 99/4, kan vi berre referere til kva vi kunne observere i 2020, at massen vart transportert med traktor og dumpers-hengar til langt inn i tunet på 99/4, og lagt på ulike stader. Pr idag vil den nok vere baka inn i øvrige ulovlege massar på 99/4. Det kan likevel ikkje fritta 99/4 frå å tilbakeføre masse som er vorte *tatt* frå 99/1.

Like innafor grensa på 99/4, tett ved landbruksveg-traseen, ligg det i dag eit **stort** kvantum masse i ein diger haug. Frå denne haugen vil det knapt merkast at nokre hundre kubikk vert tatt ut til tilbakeføring av landbruksvegen på 99/1, og frå denne store haugen med masse vil heller ikkje vegmasse-tilbakeføringa tangere dei øvrige tilbakeføringskrava Eikevik har på seg. Eg håpar dette var klargjerande!

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust